

KORLEIS GJERA BJØRKHEIM TIL EIT MEIR ATTRAKTIVT HANDELSSENTRUM?

Gruppe 1:

Samarbeidet mellom dei næringsdrivande bør bli betre. *Bjørkheim velforeining* blir i desse dagar omdanna til ei velforeining, og det blir skipa ei ny sentrumsforeining.

Berre handelssentrum? Bjørkheim bør ha andre kvalitetar enn handel. Kva kan ein gjera der når butikkane er stengt?

Kor er sentrum i Samnanger??? No må me ta stilling! Men ikkje gløyma Tysse: kultur og turisme.

Frå fleirbrukshall til idrettshall: dette er ei fallitterklæring! Ein fleirbrukshall kan liggja berre ein plass: Bjørkheim. Den må innehalda symjehall. Kultur, fritidstilbod, andre aktivitetar som bidreg til aktivitet heile døgnet og heile året. Ein fleirbrukshall ville ha trekt til seg tilreisande frå Kvamskogen (ca 2500 hytter, ca 9000 hyttefolk) dersom me hadde eit aktivitetstilbod. Arealet på Bjørkheim er allereie regulert på tilnærma rett måte. Det bør vera rådhus i same huset. Finansiering av fleirbrukshall er enklare enn idrettshall; på grunn av støtteordningar.

Samnanger må ikkje vera eit lappeteppe – ein må tenkja meir heilskapleg og samla!

Medisinane til helsetenestene kjem med buss i frå Øystese. Me må ha apotek! Og vinmonopol. Dette kan opna seg om ein får fleirbrukshall.

Bjørkheim er ein uslepen diamant! Me må tora å tenkja store tankar. Har Undredalen fått det til, kan me få det til.

Føresetnad for næringsaktivitet er at det finst annan aktivitet.

BOF (Bergen og omland friluftsråd) har brukt fleire millionar på Badevika vår – dei må ha tru på oss.

Kommuneadministrasjonen ynskjer å ta kontakt med vegvesenet for å regulera inn ei rundkøyring, slik at det blir lettare å køyra av og på fv7. Me må bruka omkøyringsveg-argumentet (E16) for alt det er verdt.

Økonomisk har me berre så vidt hovudet over vatnet. Dersom me skal satsa stort på visjonane våre må me kasta andre ting på båten. Desse tinga må me vera einige om. Me kan ikkje gjera litt av alt. Når me har valt å vera eigen kommune må me ta konsekvensane av det. Me kan ikkje få alt.

Ein idrettshall bør knytast til ein skule, men ein fleirbrukshall må ikkje det.

Korleis får vi fleire folk til å koma til Samnanger? Eit anna spørsmål er: korleis få færre folk til å reisa ut av Samnanger for å gjera ærenda sine? Klimavenleg er det òg! Det er såpass kort avstand til Åsane at mange reiser dit. Difor må fokuset vera på fritidsaktivitetar. Sjå kva Modalen har fått til, så avsides som dei ligg til.

Bjelkavika kan regulerast til bustader når som helst.

Kommunen bør gjera rammeavtalar med dei lokale næringsdrivande. Kan idrettslaget få innkjøpsavtalar lokalt?

Det visuelle på Bjørkheim må hevast. Det må vera attraktivt. Kommunen bør gå føre.

Omsorgsbustader bør leggjast på Bjørkheim. Og det bør byggjast for framtidens eldre. For å motverka einsemd og isolasjon når fleire skal bu heime lenger.

Netthandel trugar, og det er fritidshandelen me må satsa på, fordi folk har lettare for å handla når dei likevel er ein stad, og der det også er butikkar. Vestkanten har til dømes fått det til med både ishall, badeland og bowling, og dessutan stoppar bussen rett utanfor.

Strandpromenade med utsikt til notaholmen kan brukast som trekkplaster.

Gruppe 2:

Er kundegrunnlaget godt nok? Folketal. Kvadratmeterpris.

Vinmonopol. Kundegrunnlaget kan utvidast ved å få tak i dei som køyrer forbi. Aktiviteten må aukast. Men butikkane lever ikkje på helgehandelen aleine.

Etablering av apotek er ei viktig brikke å få på plass, for å gjera handelen meir allsidig og attraktiv.

For å satsa på dei lokale, må ein leggja til rette for fleire lokale arbeidsplassar, slik at folk ikkje handlar i Arna/Åsane når dei likevel er nedover. Rimelege tomtar kan trekkja folk. I gåavstand til Bjørkheim.

Å sentralisera alle butikkane i Samnanger til Bjørkheim hjelper ikkje. Me vil ikkje ha kjøpesenter på Bjørkheim.

Skal ikkje Bjørkheim vera noko meir enn eit handelssenter? Me må ha noko meir å by på. Politikarane må byrja å leggja fleire funksjonar til Bjørkheim.

Nok parkeringsplassar er avgjerande.

Estetikken spelar inn. Folk køyrer forbi utan å leggja merke til at me er her. Kva kan kommunen gjera med dette? Utsmykking og beplantning.

Informasjonsskilt på Gullbotn (så snart me har fleire ting å by på på Bjørkheim) – når ein kjem mot Samnanger ser ein kva me har, og får litt tid til å bestemta seg for å stoppa.

Me må skilta til sentrum, slik at det ikkje er nokon tvil om at Bjørkheim er sentrum i Samnanger.

Strandpromenade må realiserast. Forskjønnelse!

Asfaltjungel? Nei. Bjørkheim er blitt betre reint estetisk – og dette har kommunen bidrege til. Her må me halda fram det gode arbeidet. Benkar. Beplantning. Pengar til vedlikehald. Informasjonsskilt – og desse må oppdaterast.

BOF (Bergen og omland friluftsråd) gjer ein kjempejobb i Samnanger, både på Bjørkheim og dei andre stadane. Me bør aktivt reklamera med den nye badevika (Teigavika), når den vert ferdigstilt. Teigavika vil bli skilta, på lik line som andre BOF-område.

Kommunen treng tømestad for bubiltoalett, og dette bør leggjast til Bjørkheim.

Hagelaget og frivilligsentralen – kan dei planta og vedlikehalda? Kommunen må vera pådrivar.

Kan turstien rundt Nordvikavatnet (heile runden) realiserast?

Kva med dei som kjem med båt? Me burde ha ei løysing for drivstoff. Liggjetid på Tysse er eitt døgn, og me har inga offentleg løysing på Bjørkheim. Areala for småbåthamn som ligg inne i områdeplanen burde realiserast.

Hotell ved Bjørkheim kro og motell – vert det realisert? Estetikk må vektleggjast, for dette blir veldig synleg frå Ådlandssida.

Arkitekturen på Bjørkheim spriker for mykje!

Ladestasjonar for el-bil må på plass.

Mangel på samarbeid har vore ein hemske – me håpar på betre samarbeid, både mellom dei næringsdrivande og med kommunen og frivillige organisasjonar.

Gruppe 3:

Retningen i Samnanger går mot Bjørkheim. Dette må bli ein stad å møtast, også utanom opningstidene.

Kva slags forretningar er det bygdefolket ville ha brukt? Apotek. Per i dag er ikkje Bjørkheim mangfaldig nok til at apoteka vil etablera seg. Apotekkjedene ynskjer at me får etablert pol først.

Gjenvinningsstasjonen i Raunekleiva er like mykje brukt som om me skulle ha vore 8-9000 innbyggjarar.

Bjørkheim må bli så fint at folk ynskjer å reisa hit. Kunne det ha vore ein idé å få ein anleggsgartner til å sjå på det esteiske rundt kommunen sine areal?

Hotell ved Bjørkheim kro vert truleg realisert, dersom det kjem datasenter i Børdalen.

Gjeldande områdeplan opnar for om lag 100 nye bueiningar på Bjørkheim.

Det må vera parkering nært butikkinngangane. Kva kan me gjera for å forskjønna parkeringsplassane? Spar skal setja ut store blomepotter.

Innkøyringa må gjerast betre – gjerne med rundkøyring. Områdeplanen må rullerast.

Det må etablerast sitjeplassar. Skilting. Større mangfald i tilbodet. Me må ha ein sentrumsprofil. Tysse må ha sine ting, men me må byggja opp Bjørkheim som eit sentrum.

Turstiar i Klubben, med utsiktspunkt på toppen. Teigavika ligg fint til rett nedanfor.

Me må prøva å få til fleire arrangement på Bjørkheim, slik at folk blir kjende med staden og ynskjer å koma tilbake.

Styrketrening/treningscenter – gjerne i ein fleirbrukshall.

Ungdomsklubb. Me må få til treffstader der det ikkje føregår noko organisert aktivitet. Kan kommunen leiga nabolokalet til biblioteket? Ungdomsrådet må få vera med på laget. Kan me søkja midlar for å kjøpa nabolokalet? På dagtid kan det leggjast til rette for dei eldre.

Den nedfalne hytta på Bjørkheim husar aktivitetar som me ikkje ynskjer at ungdomane i Samnanger får tilbod om.

Dugnadsånd og frivilligheit er nøkkelord for å lukkast.

Gruppe 4:

Fortetting rundt Bjørkheim. Fleirbrukshall må liggja der det er mest folk, altså på Bjørkheim. 1-til-10-skule kjem nok opp som diskusjon i nær framtid. Kan den liggja i Bjørkheimsområdet (500-meters omkrins, gangavstand)? Slik kan Bjørkheim bli meir attraktivt.

Det er god plass på Bjørkheim til å få på plass mange slags aktivitetar og butikkar.

Kravlista til apotek-kjedene er ikkje avskrekkande.

Kommunen bør vurderer å kjøpa nabolokalet til biblioteket og leiga ut til evt. apotek og pol.

Byggjeverhandel/jernvarehandel bør etablerast i Bjørkheimsområdet, men for at folk skal handla på Bjørkheim i same slengen, må det vera gåavstand. Me bør difor tenkja på om andre sida av fv7 bør opnast. Evt. Kjell Haug-bygningen.

Kjell Haug-arealet bør løysast inn.

Erikajordet bør seljast til ein entreprenør som kan utvikla det med bustadbygging.

Bjelkavik-Haukaneset: her bør det fortettast og byggjast ut fleire bustader.

Ein fleirbrukshall bør liggja inne på sjølve Bjørkheim, for å trekkja folk til å nytta seg av forretningstilbodet, slik at eit mangfald kan oppretthaldast.

Bjørkheim er framtida. Kommunen må ha eitt sentrumsområde.

Bjørkheim må bruka Samningakraft-festivalen til å profilera seg som ein hyggeleg stad å vera.

Ein må gjera seg synlege, og få folk til å koma heilt ned til biblioteket og parken.